Utviklingsplan

Kleppelunden skule

2026-2027

Innhald

INNHALD **2**

INNLEIING **3**

OVERORDNA MÅL **3**

SEKTORMÅL FOR GRUNNOPPLÆRINGA 3
OVERORDNA DEL AV LÆREPLANEN 4

KLEPPSKULEN MOT 2028 ..... **5**

KJERNEKOMPONENTAR FOR KLEPPSKULEN 5
Den engasjerte eleven *5*
Læreplanforståing *5*
Profesjonelle læringsfellesskap *5*
FELLES SATSINGSOMRÅDE I KLEPPSKULEN 5
Oracy *5*
Digitalisering *6*

KVEN ER ME PÅ KLEPPELUNDEN SKULE **7**

UTVIKLINGSOMRÅDE 2025-2026 ..... FEIL! BOKMERKE ER IKKE DEFINERT.


VURDERING AV UTVIKLINGSOMRÅDA ..... **FEIL! BOKMERKE ER IKKE DEFINERT.**

UTVIKLINGSOMRÅDE 2026-2027 ..... **8**

Innleiing

Utviklingsplanen er ein del av vårt system for kvalitetsutvikling. Gjennom året gjennomfører me som skule prosessar i personalet for å følgja opp om elevane våre når måla i læreplanverket. I arbeidet vert det lagt til rette for at elevane skal vera medskapande, og for god involvering av foreldra. Me får gjennom ulike kartleggingar, undersøkingar og utviklingssamtalar med elevane eitt godt kunnskapsgrunnlag som dannar grunnlaget for kva me som skule må jobba med å forsterka, forbetra og utvikla. Dette dannar grunnlaget for kva me som skule vel å ha som utviklingsområde med mål og tiltak som me vil jobba mot.

Utviklingsarbeidet i Kleppskulen bygger på overordna del av læreplanverket, samfunnsdelen i kommuneplanen, strategiane i Kvalitetsplan for barn og unge og dokumentet Kleppskulen mot 2028.



Overordna mål


Sektormål for grunnopplæringa

Dei nasjonale sektormåla er førande for kva skuleeigar saman med skulane skal jobba for å oppnå:

- Alle har eit godt og inkluderande læringsmiljø
- Barn og unge som har behov for det, får hjelp tidleg slik at alle får utvikla sitt potensial
- Dei tilsette i kunnskapssektoren har høg kompetanse
- Alle lukkast i opplæringa og utdanninga

Overordna del av læreplanen

Overordna del av læreplanverket er grunnlaget for skulen sitt samfunnsoppdrag og er tufta på formålsparagrafen i opplæringslova.



Figur 1: Overordna del – Formålet for opplæringa

Kleppskulen mot 2028

Kjernekomponentar for Kleppskulen

Det er i medskapingsprosessar utarbeidd tre kjernekomponentar for Kleppskulen fram mot 2028. Desse tre kjernekomponentane er skulane forplikta å arbeide i tråd med og Kleppskulen
skal retta særskild merksemd mot desse slik at dei ligg til grunn for skulane sin praksis. Dei tre
kjernekomponentane og hovudmålsetjingane er beskrivne under her:

Den engasjerte eleven

Kjernekomponenten *Den engasjerte eleven* søkjer å inspirera og motivera elevane til aktiv deltaking og læring. Målet er å utvikla sjølvstendige tenkjarar og problemløysarar som er ivrige
etter å utforska, utfordra og bidra konstruktivt til si eiga utdanning. Dette inneber å leggja til rette undervisninga på ein måte som fangar merksemda deira, fremjar kreativ tenking og oppmuntrar til utforsking. Gjennom denne kjernekomponenten ønskjer ein å utvikla ikkje berre kunnskap, men også ferdigheiter som vil vera relevante og nyttige både i og utanfor klasserommet. Det handlar om å byggja bru mellom interessene til elevane og målet til læreplanen, slik at læring blir meiningsfull og engasjerande. På denne måten bidreg 'Den engasjerte eleven' til å fremja livslang læring og personleg vekst.

Læreplanforståing

Hovudmålsetjinga med denne kjernekomponenten er å sikra at lærarar og skuleleiarar har ei djup og heilskapleg forståing av læreplanen vår. Ved å ha ei solid forståing av læreplanen, skal klepplærarane og skuleleiinga betra tilpassa undervisninga for å møta behovet hjå elevane, samtidig som dei sikrar at undervisninga er i tråd med dei overordna nasjonale sektormåla. På denne måten ønskjer me å fremja effektiv læring, engasjement og meistring for alle elevane våre.

Profesjonelle læringsfellesskap

Hovudmålsetjinga med kjernekomponenten 'profesjonelle læringsfellesskap' er å skapa eit dynamisk og støttande miljø der lærarar kan samarbeida, dela kunnskap og erfaringar, og kontinuerleg forbetra undervisningspraksisen sin. Gjennom regelmessige møte, refleksjon og felles problemløysing, søkjar desse fellesskapa å fremja fagleg vekst og utvikling blant lærarane. Ved å ha fokus på og leggja til rette for profesjonelle læringsfellesskap vil me styrkja kvaliteten på undervisninga, auka prestasjonane til elevane og skapa ein kultur prega av læring, samarbeid og kollektiv ansvarskjensle.

Felles satsingsområde i Kleppskulen

Alle skulane har sine satsingsområde som bygger opp under kjernekomponentane til Kleppskulen. I tillegg er det to satsingsområde som er felles fram mot 2028


Oracy

Hovudmålsetjinga med satsingsområdet oracy i skulen er å styrkja munnlege ferdigheiter blant elevar og vaksne. Gjennom systematisk trening i munnleg kommunikasjon, og dessutan bevisstgjering rundt tale, lytting og samtaleferdigheiter, søkjar ein å fremja evna elevane har til å uttrykkja seg klart, samanhengande og overbevisande. Dette inkluderer også å utvikla empati og respekt for synspunkta til andre gjennom konstruktiv dialog.

Alle våre tilsette skal ha kompetanse på korleis munnlege ferdigheiter både kan læra elevane å kommunisera og korleis dei kan læra gjennom å kommunisera. To aspekt av munnlege ferdigheiter.
Oracy satsinga har derfor som mål å rusta elevar for effektiv kommunikasjon i ulike situasjonar, både i skulesamanheng og seinare i livet, og dermed bidra til den personlege og faglege utviklinga deira.

Digitalisering

Hovudmålsetjinga med satsinga på digitalisering i skulen er å integrera moderne teknologi som eit effektivt verktøy for læring og undervisning. Gjennom å implementera digitale ressursar, verktøy og pedagogiske metodar søkjer ein å auka den digitale kompetansen til elevane, fremja kreativitet og innovasjon, og dessutan førebu dei på ei stadig meir digitaliserte arbeidsverda. Vidare ønskjer ein å skapa eit inkluderande læringsmiljø der teknologi blir brukt til å tilpassa undervisninga etter individuelle behov og styrkja engasjementet og motivasjonen til elevane. På denne måten siktar satsinga på digitalisering mot å rusta elevar for framtida og fremja læringseffektiviteten i skulen.



Modellen viser korleis alt heng saman med alt i Kleppskulen sitt arbeid for å oppnå kvalitet i opplæringa

Kven er me på Kleppelunden skule

Vi er ein heilt ny skule, der alle elevane er nye. Vi har vore opptatt med å sette kultur og finne ut kven vi vil vere og korleis vi vil gjere det. Første året 2024-2025 vart det prioritert. Og dette året har vi brukt mykje tid på å finne einfelles plattform. Elles har vi valgt å ha mest fokus på Den engasjerte eleven, gjennom å arbeide med trygt skulemiljø, variert undervisning og Oracy. i skuleåret 2026-2027 vel vi å legge variert undervisning inn som tiltak i utviklingsområda våre, ikkje lenger som eit eige område. Lesing vert eit nytt utviklingsområde, saman med Oracy og Trygt skulemiljø .

Gjennom dette arbeidet vil vil arbeide i profesjonelle læringsfellesskap, og læreplanarbeid er ein naturleg del av arbeidet vårt. Vi lagar årsplanar i alle fag. I tillegg lagar vi ein idebank for arbeid med kjerneelementa. Her vil det vere idear til opplegg, ressursar og aktivitetar til kjerneelementa i alle fag. Denne ligg på teams, slik at alle kan dele og bruke.

Vi ønsker å lage ein skule, der elevane har lyst til å vere. Vi ønsker at elevane skal kjenne på tilhørighet til trinnet og skulen, og at dei skal oppleve undervisninga som spennande, lærerik og meiningsfull. Vi ønsker å utnytte dei gode romma vi har til praktisk-estetiske fag, og å bruke utstyret vi har til god og kreativ undervisning. Førre skuleår vart skaparverkstad, musikkrom, kunst og handverk, sløyd og leirerom tatt meir i bruk.

Vi er framleis ein heilt ny skule, og vil fortsatt måtte bruke tid til å sette rutinar og kultur. Vi erfarer og evaluerer undervegs, og vil etterkvart kome fram til kva som er oss, korleis vi vil ha det og kva vi må gjere for å få det slik. Likevel vil dette vere noko som stadig er i utvikling og endring. Etter å ha evaluert PLF arbeidet førre skuleår, har vi endra litt på strukturen dette året. Lærarane er delt inn i grupper, ei for kvart utviklingsområde, og har saman med kvar sin avdelingsleiar lagt føringar for kva ein ønsker å oppnå med PLF øktene innan det området. Gruppene har lagt plan for arbeidet, og arbeidet med kvart utviklingsområde er lagt i bolkar på 3-4 økter.

Utviklingsområde 2026-2027

Den engasjerte eleven med fokus på trygt skulemiljø, lesing og munnlege ferdigheiter (Oracy).

1 TRYGT SKULE-MILJØ		
MÅL:	**TILTAK:**	**EVALUERING**
Elevane på Kleppelunden skule opplever eit trygt miljø inne og ute.	Elevane opplever at det er fokus på aktiviteter som fremmer eit godt klassemiljø Elevane er omgitt av vaksne som bryr seg om dei og som viser dette gjennom si autoritative åtferd Elevane opplever ein forutsigbar skulekvardag Elevane vert godt kjende med forventningar, reglar og rutinar	Dagleg observasjon Trinnmøter Klassetrivsel-undersøking Relasjonskartlegging på skule og SFO. Elev-undersøkinga Foreldre-undersøkinga

RESSURSAR OG TILTAK BLANT DEI VAKSNE:

- Tema på planleggingsdagar i august når heile personalet er tilstades. Gjennomgang av plan for trygt og inkluderande skulemiljø. Gjennomgang av rutinar knytta til delpliktene.
- Fast tema på trinnmøter kvar veke
- Sikre at det sosiale, trygghet og meistring er fokus når ein planlegg undervisning
- Lesing av litteratur og deling av kompetanse i PLF og trinntid. Boka Frå uro til ro.
- Jobbe med vaksenrollen – kva vaksne skal elevane våre møte
- Sikre at det er nok vaksne ute i friminutt, og at vi bruker ressursane våre best mulig i skuletida og SFO-tida.
- Arbeide fram eit sosialt årshjul

2	ORACY	
MÅL:	**TILTAK:**	**EVALUERING:**
Elevane på Kleppelunden nyttar ulike strategiar for å læra og visa sin kompetanse gjennom munnlege aktivitetar. Elevane er munnleg aktive i alle timar.	Elevane skal få opplæring og trening i ulike strategiar og teknikkar i munnlege ferdigheiter. Elevane skal få rammer som støttar dei i arbeidet med Oracy Synlege hjelpemiddel i klasseromma; td. plakatar med teikn, diskusjonsreglar og startsetningar. Øve på samtalar om tekst og faglege samtalar VARIERT UNDERVISNING	Lærarobservasjonar av elevar, og drøfting av desse i etterkant. Elevsamtaler Felles evaluering på trinn og i PU tid i januar og juni.

RESSURSAR OG TILTAK BLANT DEI VAKSNE:

- Eksternt og internt samarbeid for kompetanseheving
- PLF med fokus på teori, planlegging, utprøving og deling av arbeidet med Oracy. Bli kjent med den lokale læreplanen, og veiledninga til den. Lese og diskutere teori. Planlegge for undervisning med Oracy i fokus, evaluere og dele. Bruke verktøy frå Oracy og dele erfaringar med desse.
- Ressursperson for Oracy held inspirasjonsøkt

3 LESING		
MÅL:	**TILTAK:**	**EVALUERING**
Elevane på Kleppelunden skule aukar si leseferdigheit, leseforståing og leselyst gjennom systematisk arbeid i alle fag.	Arbeide for ein felles lesepraksis Aktiv bruk av lesestrategiar i undervisninga Alle lærarar er leselærarar Tilpassa tekstar og oppgåver Høgtlesing på alle trinn Følgje leseplanen Leseprosjekt Bruke biblioteket og bibliotekar Lesesamtalar VARIERT UNDERVISNING	Dagleg i klasserom Utlån på biblioteket Kartlegging jamnleg i klasserom og i henhold til plan for kartlegging

RESSURSAR OG TILTAK BLANT DEI VAKSNE:

- Deling av god praksis – varierte arbeidsmåtar
- Jobbe med teori om leseopplæring - Språkløyper
- Prosess om kva lesekultur vi vil ha på skulen
- Trene på litterære samtalar i klasseromma